



DEN NORSKE KYRKJA
Fedjekyrkja

(MØTEBOK)

FELLESRÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Tone Sævi, Oddvar Asbjørn Nilsen Husa, Martin Karlsen, Stine Waage, Monica Thomassen Waage, Hilde Koppen og Stein Hugo Fykse.

Varamedlemmer: Frøydis Rognsvåg Hansen

Ikkje møtt: Odd-Arild Torstensen

Kommunal representant: Gidske Borge Kolltveit

Frå kyrkjekontoret: *Evvy Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: F 01/25 – 04/25

F 01/25	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERATET FRÅ 26.11.2024
Vedlegg	Møteboka frå 26.11.2024 Innkallinga til møtet 14.01.2025
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

F 02/25	ORIENTERINGAR
	• Tilstandsanalysen • Personalnytt – utskiftingar i staben • Godtgjering soknerådsmøta - <i>sjekke med kommunen</i>

F 03/25	BUDSJETT 2025
Vedlegg: Budsjett 2025	<u>Bakgrunn:</u> Budsjettet for Fedje sokn vert med dette lagt fram til godkjenning. Soknerådet sine medlemmer er kjent med at Fedje kommune har ein svært anstrengt kommuneøkonomi. Det har medvirka til at soknet har fått redusert rammetilskotet frå kr. 1.085.000,- i 2024 til kr. 1.040.000,- i 2025. I 2023 hadde vi ei rammetildeling frå kommunen på kr. 1.125.000,-. Det betyr at vi no for andre år på rad får ein reduksjon i den kommunale tilskotsramma.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Dette skjer samstundes som vi har hatt og kjem til å få ein betydeleg løns og prisvekst.

Det seier seg sjølv at det ikkje er mogeleg å få til eit budsjett i balanse i ein slik situasjon. Rekneskapen for 2023 synte ein rekneskap som gjekk omtrent i null, med eit ørlite mindreforbruk som kunne setjast av på fond.

Budsjettet for 2025 vil kunna gå i balanse med å bruka kr. 139.000,- frå fond.

I 2025 kjem vi til å ta ut meir frå potten som er sett av til trusopplæring. Av ulike årsaker har denne ikkje blitt brukt fullt ut i 2023 og delvis i 2024. Kyrkjelydssekretær fekk oppgradert sin stillingsprosent frå 65 til 70 i 2024. Årsaka er kort og godt auka arbeidsmengde. Dette vil også påvirke utgiftsdelen av kyrkjerekneskapen.

2025 byr på ein del endringar i staben på Austrheim og Fedje. Noverande kyrkjevevje går av i april 2025. Det er allereie klart at Jostein Hauge tek over med verknad frå 1. april. Fedje sokn har refundert 5 % av Jostein Hauge si løn, som kompensasjon for arbeid han utfører for Fedje sokn. Når han overtek som kyrkjevevje, vil denne refusjonsprosenten falla bort. Han vil då gå inn i same refusjonsordninga som Leif Arne Økland har hatt; det vil seia at Fedje sokn skal refundera 20 % av løna til kyrkjevevja, som kompensasjon for å vera kyrkjevevje for Fedje sokn.

Jostein Hauge fungerer no som kyrkjemusikar også på Fedje. Den funksjonen vil han ikkje kunna ha når han blir kyrkjevevje. Ein må difor lysa ut etter ny organist. Jostein Hauge har til no fått betalt som kyrkjemusikar ut frå den vakante organiststillinga på 15 %. Denne potten er nok no for liten til å dekkja det reelle behovet. Difor vert stillingsbehovet for organiststillinga på Fedje oppjustert til 20 %. Dette er mogeleg å gjera, sidan Jostein Hauge sin tidlegare omtalte 5 % refusjon, fell bort. Kyrkjemusikarprosenten på Austrheim er definert til å vera 40 %. Austrheim sokn lyser difor ut ei 60 % stilling som organist/kyrkjemusikar for Austrheim og Fedje sokn. Ein tenkjer då at Austrheim sokn sender refusjonskrav til Fedje sokn for 20 % organiststilling ein gong i året. Austrheim sokn får då arbeidsgjevaransvaret for den felles kyrkjemusikarstillinga.

Ordninga med at Evy Beate Uthaug vert leigd ut i 20 % stilling, for å utføra oppgåver for Austrheim sokn, held fram som før. Dette følgjer av «bytehandelen» ein har hatt mellom sokna dei siste åra.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	Soknet kan sjå fram mot nokre auka inntekter i form av oppjusteringa av festeavgiftene. Dette kan i nokon grad kompensera for pris og lønsveksten. <u>Drøfting:</u> Utviklinga i det kommunale rammetilskotet kan ikkje halda fram på samme måten som no. Soknet er nødt til å få betre rammevilkår i framtida. Ein kan ta frå disposisjonsfond i 2025. Men ein kjem fort i den situasjonen at fondsmidlane vert brukt opp utan ei betre rammme. Soknet har bidratt til ein nøktern og ansvarleg pengebruk. At stabsfunksjonane mellom kyrkjekontora på Fedje og Austrheim vert meir og meir samanvevd, er eit gode i seg sjølv og ein rasjonell bruk av dei ressursane ein rår over. Fedje kommune bør difor sjå det som viktig å leggja til rette for at dette samarbeidet kan halda fram. Samhandlinga mellom stabane gjer at ein tilsaman får stillingar av ein viss storleik, som gjer at ein kan behalda gode folk og utvikla den kompetansen ein er avhengig av. At ein har velt å ha kyrkjekontoret i kyrkja, er også ei handsrekning til kommunen, som dermed unngår å kompensera soknet for utgifter vi elles ville hatt om vi hadde leigd eksternt. <u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje sokneråd godkjenner budsjettet for 2025, slik det ligg føre. Soknerådet signaliserer likevel til kommunen at ramma for soknet si drift er for trang og at driftstilskotet av den grunn må aukast i 2026.</i>
Vedtak:	Fedje sokneråd godkjenner budsjettet for 2025, slik det ligg føre. Soknerådet signaliserer likevel til kommunen at ramma for soknet si drift er for trang og at driftstilskotet av den grunn må aukast i 2026.

F 04/25	VERNEPLAN FOR GRAVPLASSANE PÅ FEDJE
Vedlegg: Verneplan for gravplassane på Fedje	<u>Bakgrunn:</u> Verneplanen for bevaring av dei eldste gravminnene på Fedje er no ferdig. Arbeidet har gått over nokre år. Dette skuldast først og fremst begrensningar i kyrkjevevja sin arbeidskapasitet og kva som er mogeleg å pressa inn i ein 20 % stillingsressurs. Verneplanen vert vedtatt av soknerådet og ingen andre. Planen vert likevel oversendt kommunen og kommunestyret sine medlemmer, til vitande. Verneplanen er heimla i § 27 i gravplassforskrifta.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	Arbeidet med verneplanen har gått føre seg i tett samarbeid med ei gruppe lokale ressurspersonar, som har bidratt til innhaldet av planen. Desse er: Kåre Berge Ingrid Nilsen Anna Marit Storemark Ove Villanger Kyrkjevevja har vore sekretær for plangruppa og har redigert innhaldet i planen. Arbeidsgruppa har arbeidd godt og vore heilt avgjerande for at planen kunne utarbeidast. Planen består av følgjande innhald: • Innleiing • Arbeidsprosessen – tilbakeblikk • Definisjonar – oversikt på vanlege begrep i gravplassforvaltninga • Lovgrunnlaget for bevaring av gravminner • Koleragravplassen på Fedje • Gravplassane på Fedje – historikk • Om gjenbruk av gravplassane • Utvelging av gravminner som skal bevarast – kriteriar • Rullering av verneplanen • Vedlikehald av gravminner som skal bevarast • Oversikt på alle gravminnene som vert bevarast, med bilete og kort historikk Kyrkjevevja tilrår at soknerådet godkjenner verneplanen. <u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje sokneråd godkjenner, med heimel i gravplassforskrifta § 27, verneplanen for dei bevaringsverdige gravminnene i Fedje kommune. Planen vert oversendt kommunen og kommunestyret til vitande.</i>
Vedtak:	Fedje sokneråd godkjenner, med heimel i gravplassforskrifta § 27, verneplanen for dei bevaringsverdige gravminnene i Fedje kommune. Planen vert oversendt kommunen og kommunestyret til vitande.



DEN NORSKE KYRKJA
Fedjekyrkja

(MØTEBOK)

SOKNERÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Tone Sævi, Oddvar Asbjørn Nilsen Husa, Martin Karlsen, Stine Waage, Monica Thomassen Waage og Stein Hugo Fykse.

Varamedlemmer: Hilde Koppen og Frøydis Rognsvåg Hansen.

Ikkje møtt: Odd-Arild Torstensen.

Frå kyrkjekontoret: *Evvy Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: S 01/25 – S 05/25

S 01/25	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERATET FRÅ 26.11.2024
Vedlegg: Referat og innkalling	Møteboka frå 26.11.2024 Innkallinga til møtet 14.01.2025
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

S 02/25	ORIENTERING:
	• Klokkesletta for gudstenestene

S 03/25	ETABLERING AV GJEVARTENESTE
	<u>Bakgrunn:</u> Soknet står framfor store utfordringar med tanke på å kunna ha ei drift som er bærekraftig. Som det kjem fram i saka om budsjettet for 2025, så må ein ta ut betydelege midlar frå fond for at ein skal få eit budsjett i balanse. Austrheim sokn har hatt ei ordning med gjevarteneste i fleire år no. For tida har ein 13 faste gjevarar og ein samlar inn tett opp under kr. 100 000,- årleg. Formålet er delfinansiering av trusopplæringsstillinga. Utanom dette har ein ei ordning med frivillige gåver/bladpengar til Kyrkjebakken. Berre bladpengane her utgjer meir enn kr. 50 000,- årleg. Annonseinntektene kjem i tillegg. (Det bør vera mogeleg å få til ei liknande ordning på Fedje).



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	Formålet for ei gjevarteneste kan vera å styrka trusopplæringa. Hovudelen av kostnadane vil sjølvstøtt vera løn, men det er også behov for midlar til utstyr, opplegg og inspirasjonssamlingar/kurs. Soknet får også eksterne midlar til å driva med trusopplæring, men desse er ikkje tilstrekkelege for å dekkja alle kostnadane med dette. Gjevarteneste vert såleis meir og meir aktuelt å innføra over alt. Dei kommunale midlane er under press. Soknet vil få stadige tøffare forhold for å argumentera for eigne behov. Dette synest vera realitetar som ein ikkje kjem forbi. Å vera med i ei gjevarteneste gir rett til skattefrådrag. <u>Kva som kan gjerast:</u> • Soknerådet kan vedta at ein etablerer ei gjevarteneste og bestemma formålet. • Gå ut med informasjon/brosjyre om å melda seg på gjevartenesta. • Kan reklameras for med jamne mellomrom, både i Kvardag og Helg, på heimesidene våre, under gudstenester og liknande. <u>Drøfting:</u> Det bør ikkje vera ei ulempe å dekkja ein del av driftskostnadane via ei gjevarteneste. Om ein argumenterer med at ein er med på eit spleiselag, så kan det vera lettare å få med kommunen på laget. <u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Saka vert lagt fram til drøfting.</i>
Vedtak:	Soknerådet delegerer ansvaret om formulering av gjevarteneste til AU, som og må publiserast i Kvardag&Helg, på heimeside, facebook og i kunngjeringar.

S 04/25	SAMARBEID MED KOMMUNEN OM TILTAK
	<u>Bakgrunn:</u> Soknerådet sitt AU og politisk representant i fellesrådet, har årlege samarbeidsmøter med kommunen. Kommunedirektøren har i desse møta vore oppteken av å etterspørja samarbeidstiltak som kommunen og soknet kan stå saman om, eller som soknet kan tilby på eiga hand. Frå kommunen si side vert det uttrykt eit sterkt ønskje om å styrka det frivillige arbeidet. Vanskeleg kommuneøkonomi er nok ein av fleire motivasjonsfaktorar, noko som også har blitt nemnt i



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	samarbeidsmøta. Uansett uttrykkjer kommunen eit ønskje om styrka samarbeid med soknet. Soknet legg allereie til rette for at kyrkja vert brukt til ulike kulturelle formål, enten det skjer via konsertar eller annan formidling (guida turar td). At det er starta opp eit barnekor i kyrkja sin regi, bør uavhengig av trusopplæringsmålsetjinga, vera eit positivt tiltak i seg sjølv retta inn mot barn og unge. I samarbeidsmøtet vart det lufta om det er ting ein kan tenkja seg å bidra med frå kyrkja si side. Det kan vera diakonale tiltak retta inn mot flyktningar, eldre eller psykisk helse. Soknerådet vert utfordra til å ta drøftinga. Ikkje framlegg til vedtak.
Vedtak:	• Julefest i samarbeid med Fedje Indremisjon • Kulturkafe; ein møtestad med td. spel • Lørdagsgraut • Allsang/ønskekonsert • Turgruppe; td. rundt Børhaugen eller Kalvedalen, møtes på kyrkjetrappa

S 05/25	BRUKEN AV BASARPENGAR - IGJEN
	<u>Bakgrunn:</u> Ingrid Nilsen og Anna Marit Storemark m.fl, er primus motor for kyrkjebasaren. AU har hatt møte med dei for å drøfta bruken av basarpengane. Konklusjonen har vore at soknerådet/AU bestemmer formåla. Ut frå siste basar har dei likevel uttrykt ønskje om at det vert kjøpt inn eit par urner som skal plasserast i nærleiken av det felles gravminnet (namna minnelund) og at det vert laga ei lysrekke langs trappa opp til koleragravplassen. Tidlegare har midlar frå basarinntekten blitt brukt til å montera eit rekkverk på trappa ved inngangen til kyrkja. I AU har vi drøfta behovet for at eine døra inn til toalettanlegget i bårehuset vert reparert og at det vert kjøpt inn og montert ein varmtvasstank på toaletta. Dette er akutte behov. Soknerådet bør ha ei meining om formål skal drøftast i eit samla råd eller om AU kan bestemma dette og orientera soknerådet i etterkant.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	I 2024 fekk soknet ei raus amerikagåve (kr. 100.000,-). AU tenkjer at kostnaden ved tilstandsanalysen bør kunna bli tatt frå denne potten. Soknerådet vert også spurt om dei kan gje ei fullmakt til AU om å definera formål til bruken av resterande midlar frå denne gåvepotten i framtida. Ingen framlegg til vedtak.
Vedtak:	Soknerådet var samrøystes om å samla amerikagåva og basarpengane innsamla øve fleire år, til formål om eit samarbeid med kommunen til å få utført eit større tiltak.